

# Langtidsplan for kyrkja i Førde

Langtidsplan for den kyrkjelege verksemda i kommunen for perioden 2014 – 2026 som er samanfallande med langtidsplanperioden for Førde kommune.

## **Bakgrunnsinformasjon**

### **Folketalsframskriving**

Folketalet i Førde vil stige med om lag 2000 personar fram mot 2026.

I aldersgruppa 0-5 år (born i barnehagealder) vil tal barn auke med ca. 200 fram til 2030, deretter vil veksten stoppe. Tilsvarande utvikling vil det også vere for aldersgruppa 6-15 år

I aldersgruppa 16-66 år vil vi ha ein auke på om lag 1400 personar fram til 2030, så vil ein også her oppleve ein stagnasjon i utviklinga (svakare stigning)

For aldersgruppa 67 + vil vi oppleve ein kraftig auke frå 2020 og utover.

Aldersgruppa 67-79 år har ein jamn, sterk stigning framover mot 2040. For gruppa 80-89 år, er det svak stigning fram til 2020, men deretter vil den stige kraftig oppover. Aldersgruppa 90 år + har ei jamn svak stigning heile perioden.

Den store endringa i folkesamansetnaden i Førde skjer først og fremst frå 2020 og utover.

Utviklinga i dei yngre aldersgruppene vil stagnere, medan andelen av eldre vil auke monaleg. I 2040 vil andelen personar over 67 år i Førde utgjere 20 % av folketalet (mot knappe 10 % i dag).

(Kjelde: Førde kommune)

## **Kyrkjeleg administrasjon**

### **Situasjon / utgreiing**

Kyrkja har i dag 19 tilsette, som utgjer 10 årsverk. 4 av dei tilsette er ungdommar i timestillingar og to tilsette er vikarar. I tillegg til desse er det 4 prestar med om lag 2 årsverk i sokna.

Eventuell ny kommunestruktur i perioden vil medføre store endringar for heile organiseringa av kyrkja. Større einingar gjev større fleksibilitet og som medverkar til betre personalsituasjon, det bør difor utgreiast uavhengig av kommunestruktur. Større einingar kan gje større avstand til dei ein skal utføre tenester for, men vil kunne bidra til betre beredskap. Krav til auka kompetanse og tverrfagleg arbeid talar også for større einingar. Ein er også mindre sårbar ved personalbyte og sjukefråvær.

Det er mange frivillige medarbeidarar innanfor mange arbeidsområde i kyrkja. Ei ynskjer å satse endå meir på dette området og har difor prioritert frivillighetskoordinator høgt på økonomi og handlingsprogrammet.

### **Arbeidslokale:**

Kyrkjekontoret har i dag 12 kontorplassar og 2 møterom i Kyrkjetunet i Førde. I høvet til talet på tilsette er det i dag for lite kontorplassar, og framover vil det vere behov for å finne løysingar på arealbehovet.

Ein er i dag grøen kyrkjelyd og det bør vurderast om ein skal etablere seg som miljøfyrtårn i planperioden.

### **Tiltak/ending:**

- Sjå nærmare på fleksibel bruk av kyrkjekontoret for å finne løysingar på kontorplass / arbeidsplassar for tilsette. Vurdere løysingar for å utvide arbeidslokala for dei tilsette.
- Opplæring, etterutdanning, vidareutdanningstilbod for tilsette
- Opplæring av frivillige medarbeidarar
- Vidareutvikle seg som grøen kyrkjelyd og vurdere å etablere seg som miljøfyrtårn

## **Kyrkjer**

### Situasjon /utgreiing

Haukedalen kyrkje er i god stand – ein brukar skulen og forsamlingshuset til andre type samlingar.

Holsen kyrkje er tilfredstillande byggeteknisk, men benkane i kyrkje er ikkje gode å sitte i.

Førde kyrkje har til tider sprengt kapasitet – etablering av Førde Kyrkjetun har vore heilt avgjerande for å avlaste kyrkjebygget og legge til rette for ny aktivitet. Men ein har likevel i periodar kapasitetsutfordringar ved å avvikle alle tiltak og kyrkja vert i fleire høve for lita.

Kyrkja er ein viktig fast møtestad og samlingsstad i folk sine livssituasjonar. Det er då behov for at kyrkja er tilgjengeleg og tilstades i folket sitt liv.

Mange av kyrkjene har potensiale for energisparing. Det er gjort ein del energisparetiltak som viser god effekt. Dette handlar om rutine, utstyr og faste installasjonar.

### **Tiltak / endingar**

Det er behov for å vurdere tiltak i forhold til benkane i Holsen kyrkje, kanskje ein heller skulle gjere seg nytte av stolar og dermed også få eit meir fleksibelt kyrkjerom. Det må vurderast om det skal utarbeidast ein plan for ein slikt tiltak i planperioden.

Gjennomføre energisparetiltak for alle kyrkjene utifrå rapport som no vert utarbeidd.

Utifrå dagens aktivitet og folketalsframskrivinga, så er det behov for å etablere ei ny kyrkje i Førde. Kyrkja bør ligge sentralt plassert der befolkningsveksten kjem. Utforminga av kyrkjebygget må vere slik at det er tilpassa ulike formar for aktivitet. Hafstad/ Vieområdet peikar seg ut som interessant område, med relativt nær tilknytning til Blomreina. Det er ikkje noko automatikk med soknedeling om ein får ny kyrkje, men det er spørsmål som kan vurderast undervegs i prosessen.

Vedlikehaldsprogram bør utarbeidast, vedlikehald av kyrkjebygg er vedlikehald av kulturarv.

Ein bør vurdere andre former for oppvarming, til dømes om ein skal bli med på Fjordvarmeprosjektet.

## Kyrkjegardar

### Situasjon / utgreiing

Kyrkjegardane er i god stand og framstår som viktige parkområde. Blomreina vart i år tildelt Førde kommune sin byggeskikkpris. Plan for uteområdet ved Haukedalen kyrkje er ferdig og sendt til godkjenning. Det er behov for å lage ein plan for Førde kyrkjegard, særleg med omsyn til alle trea. Når det er frost og mykje regn har ein utfordringar med overflatevatn på deler av Blomreina og på felt D på Førde kyrkjegard.

Ein har i dag tilfredsstillande kapasitet på alle gravplassane, men folketalsframskrivinga viser tydeleg at tal på gravferder vil auke markant i planperioden, særleg i Førde sokn.

Vedtaket om oversikt over historiske graver må gjennomførast i planperioden, i dette arbeidet er det både naturleg og viktig å samarbeide med andre aktørar som til dømes Førde kommune og historielaget. Det bør også utarbeidast plan for graver som skal fredast. Ein bør vurdere om enkelte gravefelt skal omregulerast fordi gravene i dag ligg svært tett.

### Tiltak/ending:

- Etablering av krematorium i Førde bør utgreiast i planperioden.
- 2. byggesteg på Blomreina gravplass må planleggast og takast i bruk
- Det skal utarbeidast plan for graver som skal fredast i perioden
- Det skal utarbeidast oversikt over historiske graver
- Utarbeide plan for Førde kyrkjegard særleg med omsyn til bevaring av trea.
- Vurdere om enkelte gravefelt bør omregulerast.

## Kyrkjeleg verksemd

### Situasjon / utgreiing

Kyrkja har ein sentral plass i mange sitt liv i mange livssituasjonar. Kyrkja er eit sentralt møtepunkt og representerer eit trygt nettverk.

Kor , konsertar og anna kyrkjemusikalsk arbeid.

Musikk og kultur har ein sentral plass i Kyrkja i Førde. Det er i dag tilsett 2 kantorar i til saman 1,6 årsverk. Kyrkja har ei viktig oppgåve som musikk- og kulturformidlar og formidlar av salme og songtradisjonar, kor og konsertar. Musikk har og ein sentral rolle i diakoniarbeidet. Kyrkja ynskjer å styrkje og prioritere opp dette arbeidsområdet framover, og ynskjer å auke ressursane til stillingar innanfor dette området.

Trusopplæringsarbeidet.

Plan for trusopplæring i Den norske kyrkja har som føremål å medverke til ei systematisk og samanhengande trusopplæring. Med bakgrunn i dette har det blitt utarbeidd ein lokal plan.

Denne planen syner korleis trusopplæringsarbeidet vert drive og korleis ein ser for seg at arbeidet skal drivast i framtida.

I tillegg kjem oppgåver til opplæring av nye truande som konverterer frå andre trussamfunn.

**Diakoni – kyrkja sitt kroppsspråk.**

Førde kommune har stor tilflytting frå nabokommunar både av fastbuande og hybelbuarar. Mange er i etableringsfasen. Førde kommune tek og imot nye flyktningar kvart år. Alt dette gir utfordringar knytt til etablering av sosiale nettverk og personar på møteplassar. Kyrkja har etablert KIA(Kristent Interkulturelt arbeid) og «Kyrkja i byen» som viktige tiltak for å vere tilstades og til hjelp for innbyggjarane. Kyrkja ser på dette som viktig arbeid og ynskjer å styrkje dette framover.

**Beredskap**

Kyrkja er tilstades der ting skjer og er aktivt deltakande i kulturliv, beredskap ved ulukker, seremoniar og viktige hendingar i livet. Dette stiller store krav til beredskap for dei tilsette i kyrkja.

**Tiltak / endringar:**

- Det er behov for å auke ressursen i trusopplæringa for å gjennomføre alle tiltaka i vedteken plan.
- Det er behov for å styrkje ressursen innanfor musikk og kantorverksemd
- Det er behov for å auke ressursen til det diakonale arbeidet i kyrkja.